

Sluttrapport ved deltagelse «HMS-veka på Saggrenda» veke 39

Ål vidaregåande skole søkte om 103.000.- i økonomisk støtte for å delta på HMS-veka på Saggrenda i veke 39. Dette vart innvilga, og Ål vgs samarbeidde med Saggrenda om både planlegging og gjennomføring av HMS-veka. Ål vgs stilte med to lærarar og ein buss under HMS-veka. (Ein lærar i frå anleggsteknikk og ein i frå tømmer) Dette vart gjort både for å bidra til gjennomføringa, og for å skaffe seg erfaring med tanke på neste år, og kva me gjer då.

Ål vgs er ei mindre skule med berre ei anleggsteknikkklasse med ein faglærer medan Saggrenda har tre klasser med fire og ein halv stilling faglærer. All den tid Ål vgs berre har ein lærar i faget har me store utfordringar med å arrangere ei heil veke med fokus på HMS i eigen regi.

Det fungerte veldig bra å ta med klassen ned til Kongsberg å delta der. I år var det ni stasjonar elevane vart delt på, og Ål vgs sine elevar vart fordelt på alle gruppene. Det same gjorde Saggrenda og Numedal med sine klasser og elever. Når me gjorde det på denne måten var elevane ikkje så «husvarme» som dei hadde vore delt klassevis.

HMS er kjempeviktig, men det kan vera veldig utfordrande å få elevane til å ta innover seg viktigheita med å ta sikkerheit og førebygging på alvor. Etter å ha deltatt på Saggrenda i veke 39 ser me at samarbeid mellom fleire skular kan vera noko me kanskje kan nytte framover. Elevane var motiverte og fekk med seg mykje kunnskap på denne måten. Som einaste lærar på Ål vgs innan faget ser eg også fordelene med eit større kollegium innan desse faga, og då blir også læringsutbyttet innan HMS større.

Vidare framover må me fordøye årets HMS-veke, og sjå om me satsar på eigen hand neste år, eller om Ål vgs fortsett samarbeide med Saggrenda og Numedal. Dersom Ål vgs satsar på eigen hand neste år bør me nok dra inn fleire klasser på vår skule som t.d. ambulansefag, vg1 bygg m. m. Eg vil til slutt takke for den støtta som me har fått, og vil også gi ein honnør til prosjektet «Inkluderende Arbeidslivsitt bransjeprogram for bygg og anlegg». Me tilhøyrar ein bransje som er overrepresentert på ulykkesstatistikken, så fokus på dette HMS arbeidet er veldig viktig.

Mvh



Ole-Egil Trinrud

Kontaktlærer 2ANA anleggsteknikk Ål vgs

Tlf 917 43 014